

## REFERAT FRÅ MØTE I KOORDINERINGSGRUPPA UTVIKLINGSPLANEN

DATO: 02.03.2018

STAD: Skype

NAMN	Stilling	FUNKSJON	TILSTADES	FORFALL
Lena Børge Waage	Rådgivar seksjon for samhandling, fagavdelinga	Prosesskoordinator/leiar sekretariatet	x	
Anne Strand Alfredsen Larsen	Strategirådgivar seksjon for helsetenesteutvikling, fagavdelinga	Prosesskoordinator		x
Trine Kvalheim	Kommunikasjonsdirektør	Medlem		x
Audun Krøvel	Spesialrådgivar teknologi og utvikling, klinikk for drift og eigedom	Medlem	X (siste del)	
Kari Marie Remø Nesseth	Avdelingssjef tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), klinikk for psykisk helse og rus	Medlem	x	
Manuela Strauss	Avdelingssjef psykisk helsevern barn og unge, klinikk for kvinner barn og unge	Medlem	x	
Inge Lode	Avdelingssjef radiologi Ålesund og Volda, klinikk for diagnostikk	Medlem		x
Hans-Christian Ofstad	Prosjektleiar SNR	Medlem		x
Trine Sperre	Seksjonsleiar budsjett og analyse, økonomiavdelinga	Medlem		x
Berit Teige	Forskingssjef forskning, innovasjon og utvikling, fagavdelinga	Medlem	x	
Øyvind Eriksen	HR-rådgivar HR-avdelinga	Medlem	x	
Øystein Lian	Seksjonsleiar ortopediske legar Kristiansund, klinikk for kirurgi	Medlem (gjekk ut av gruppa 05.10.17)		
Kristen Rasmussen	Avdelingssjef AMK, luftambulans og pasientreiser, klinikk for akuttbehandling	Medlem		x
Knut Nautvik	Sjukehuskoordinator Volda	Medlem	x	
Anita Skarshaug Kvendseth	Sjukehuskoordinator Molde	Medlem	x	
Jan Ove Gravdal	Klinikk for medisin	Medlem		x

## AGENDA

- **Status utviklingsplan**
  - Protokoll frå styringsgruppemøte 6. februar
  - Protokoll frå styremøtet 21. februar
  - Prosess vidare
- **Innspel frå koordineringsgruppa**
- **Evt**

- **Status utviklingsplan:**

- [Referat frå styringsgruppemøte 6. februar](#)

Gjennomgang av referatet som også ligg på samlesida for utviklingsplanen [her](#).

- [Protokoll frå styremøtet 21. februar](#)

Kort gjennomgang av styremøtet og vedtakspunkta.

- **Prosess vidare**

- Regional ressursgruppe - møte måndag 5. mars. (Utsett. Neste møte er 9. april).
  - Prosess med å samordne utviklingsplanane til HMR, HNT og STO.
  - Tentativ høyring før sommaren 2018.
- Møte Leiargruppa tysdag 6. mars
  - LG – Leiingas gjennomgang på føretaksnivå.
    - Sjå EQS-prosedyre [5425](#)

Inngangsfaktorar:

Loverk og regelverk som ligg til grunn for prosedyra  
Årlig melding HMR 2017  
Kontekstmodellen HMR  
Utviklingsplan HMR 2019-2022  
Oppdragsdokument 2018  
Styringskrav og rammer 2018  
Kvalitetsdata frå nasjonale register og undersøkingar/ rapportar

Utgangsfaktorar:

I referat frå LG og til grunn for styresak i HMR 16. mars skal tiltaksområde 2018 syneleggjerast, og det skal spesielt ta opp i seg

- Risikovurdering (topp 10, her byggjer vi vidare på Risikovurderinga knytt til utviklingsplane, men må oppdatere den mot «plakaten»)
- Avgjerder og tiltak som resultat av LG.

➤ Innspel frå koordineringsgruppa knytt til leiingas gjennomgang.

Nokre av medlemmane har erfaring med klinikken sin leiingas gjennomgang og møter med direktør. Det visast til LG som eit nyttig verktøy, men at arenaen har behov for å utviklast vidare (finne si form). Ein må sjå til at LG er føremålstenleg og at det bidreg til ønskja framdrift i utviklingsarbeid og utvikling av leiingssystemet HMR.

## 1. Evt

- FIUK – planen
  - Det visast til behov for å sikre eigarskap for dei valte hovudstrategiane, deriblant Nok (helse)personell med rett kompetanse. FIUK- planen viser til m.a to tilrådde tiltak som det er behov for snarleg avklaring kring vidare arbeidsprosess (Utvalsstruktur i

HMR og etablering av kunnskaps- og opplæringsssenter). Kven skal eige området og korleis skal arbeidet takast vidare?

- Tema kring eigarskap for vidare implementering av Utviklingsplanen og hovudsatsingane, vart drøfta i gruppa. Det visast til at kvar hovudstrategi bør ha ein prosesseigar og at det må riggast for vidare arbeidsprosessar for å konkretisere tilrådde mål og tiltak.
- Allereie utarbeida planar er viktig å bygge vidare på. T.d Satsing kring psykisk helsevern og TSB. Det visast til delrapport frå arbeidsgruppa og tilrådde strategiar, mål og tiltak.
  - I tillegg til planar frå arbeidsgruppa, må ein også sikre psykisk helsevern for barn og unge. PHBU er ikkje omfatta av planarbeidet verken for «barn og unge»-arbeidsgruppa (berre somatikk) og heller ikkje innan «rus og psykiatri» (som gjeld vaksne).
- Det visast til at det har i etterkant av styremøtet kome behov for å presisere moment kring utviklingsplanen og det blir stilt spørsmål om kven ein skal adressere spørsmål til?
- Det opplevast ei utålmodigheit i organisasjonen iht å gå frå plan til handling.
- Dette blir viktig å avklare framover.
  - Eigarskap til satsingsområda.
  - Strukturar for å understøtte vidareføring av utviklingsplanarbeidet.